



MULTICONSULT NORGE AS
Att. Solveig Lone

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Mangerspollen og Mangervågen - legging av avløpsledning i sjø. Tiltaket krev ikkje løyve etter forureiningslova

Vi viser til brev datert 23. august 2019.

Radøy kommune skal leggje ny oppgradert avløpsledning gjennom Mangerspollen. Det skal byggast nytt reinseanlegg på Manger kai, der avløpet frå ulike område blir samla for reinsing i silanlegg før utslepp til sjø. Det skal difor etablerast nye overførings- og overløpsleidingar. Eksisterande ø160 mm ledning med lodd skal fjernast, og det må etablerast ny og større avløpsledning (ø225 mm) frå Mangerspollen til utslepp på kote -50 i Mangervågen.

Leidninga kan bli lagt gjennom Mangerspollen og gjennom utløpet til sjø, i same trase som dagens ledning. Gjennom utløpet ønskjer ein å grave den nye leidninga ned i grunnen og samtidig å senke terskelen permanent, antatt ca. 0,3 m. I anleggsfasen kan det bli gravd ca. 0,5 m under dagens nivå. Inne i Mangerspollen vil den gamle leidninga med lodd bli fjerna, og den nye vil bli senka ned på botnen.

Multiconsult¹ har funne forhøga konsentrasjonar av miljøgifter i eit prøvepunkt ca. 100 meter frå pollen i mudderbotn. Multiconsult meiner at det er lite finstoff i sjølve pollen pga straum, og sia miljøgifter er knytt til finstoff så vil ikkje graving i sjøbotn i pollen medføre risiko for forureining.

Fylkesmannen har vurdert saka ut frå faktagrunnlaget i saken og finn at tiltaket ikkje treng løyve. Vi viser til forureiningslova § 8 1. ledd nr. 3, som seier at vanlig forureining frå anleggsverksemd er tillat utan løyve.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Radøy kommune

¹ Reinseanlegg Manger, arbeider i sjø. Multiconsult notat 20. september 2019